



Klima- og miljøplan 2020 – 2030, planprogram

ePhorte: (år)/(saksnr.) – (dokumentnr.), eks: 16/123-26

Vedteke i: (utval) (PSnr.)/(år) + dato eks: K-sak 23/16, 12.2 2016

Innhald

1	Innleiing	2
2	Mål.....	2
3	Føringar.....	3
4	Status og utfordringar for Aukra kommune.....	3
5	Revideringsoppgåver og utgreiingstema	5
5.1	Målsetjingar.....	5
5.2	Planstruktur, oppbygning og oppfølging.....	5
5.3	Målemetodar.....	6
5.4	Tilhøve til andre planar	6
5.5	Intern organisering.....	6
5.6	Samarbeid med andre kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune	6
5.7	Medverknad i planarbeidet.....	6
6	Ny kunnskap, utgreiingar	7
7	Planprosess	7

1 Innleiing

Aukra kommune sin Energi, miljø- og klimaplan er frå 2010, vedteken av kommunestyret i sak 68/10. Planen viser mål og verkemiddel som kan redusere klimagassutslepp og energibruk, tilpassing til klimaendring og einskilde miljøtiltak.

Kommunen sin planstrategi for 2017 – 2019 hadde revisjon av denne planen som mål i 2018, men blant anna arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel gjorde at arbeidet måtte utsetjast til 2019. Samfunnsdelen har eit fyldig kapittel om klima og miljø som denne planen skal arbeide vidare med.

Klima- og miljøplanen er definert som ein kommunedelplan. Plan- og bygningslova krev at det blir utarbeidd eit planprogram før oppstart av sjølve planarbeidet, jamfør § 4-1. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, og trong for utgreiingar.

2 Mål

Målet med planarbeidet er å få fram ein oppdatert klima- og miljøplan til sommaren 2020, for tidsrommet 2020-2030. Med evaluering av gjeldande plan, ny kunnskap og nye føringar på internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå skal planen gi mål for ei meir berekraftig utvikling, utarbeide strategiar for å nå måla og ansvarsdeling for gjennomføringa.

3 Føringar

På FN sitt toppmøte i Paris i desember 2015 vart deltakarlanda samde om at temperaturen på jorda ikkje skal stige meir enn 2 grader før århundret er over. I tillegg skal landa arbeide for at temperaturen ikkje skal stige meir enn 1,5 grader. Kwart land skal ha konkrete utsleppsmål og rapportere på dei. For oss i Noreg inneber dette at vi fram til 2020 skal redusere dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 prosent av Noreg sitt utslepp i 1990 og 40 prosent innan 2040. Innan 2030 skal Norge vere karbonnøytralt, og målet er å vere eit samfunn med låge utslepp i 2050.

Aukra må ta sin del av ansvaret for å nå dei nasjonale utsleppskutta og miljømål elles, og kommunen må førebu seg på ei langsiktig omstilling til eit samfunn med låge utslepp. Staten har ikkje definert mål for kommunane, men i den reviderte klima- og miljøplanen vil det bli fastsett mål som er ambisiøse, slik kommunane er forplikta til, i samsvar med Statleg planretningslinje om kommunal klima- og energiplanlegging.

Noreg har signert ein konvensjon for å stanse tapet av arter (biologisk mangfald), og har som mål å stanse utslepp av miljøgifter innan 2020. Noreg er forplikta av fleire andre internasjonale avtaler, som EU-direktiv for vatn og for luftkvalitet, og nasjonale lover og forskrifter som Folkehelselova og Støyforskrifta.

4 Status og utfordringar for Aukra kommune

Miljødirektoratet har statistikk over utrekna CO₂ utslepp pr person i kommunane. I Aukra har utsleppet gått jamt ned frå 2011 til i dag, frå 58,1 tonn CO₂ pr person til 35,1 tonn per person i 2017. Utsleppet pr. person er likevel svært høgt samanlikna med nabokommunane, opp til 10 gonger høgare. Dette skuldast i stor grad ei utsleppskjelde, olje- og gassproduksjon på Nyhamna, og utsleppa følgjer utbyggingstakta på Nyhamna prosessanlegg. Utslepp frå andre samfunnssektorar er på same nivå som i andre kommunar. Utsleppa er låge – og speglar i stor grad eit lågt innbyggartal og eit avgrensa næringsliv. Dei største kjeldene for CO₂ utslepp utanom olje- og gassproduksjon er sjøfart, jordbruk og vegtrafikk. Sjøfarten, jordbruket og vegtrafikken står kvar for høvesvis 62%, 27% og 5% av utsleppa i 2017. Ferjesambanda Hollingsholm – Aukra og Småge – Orten – Sandøya er slik ein stor bidragsytar, i tillegg til jordbruket. Statistisk var 2015 eit år med høge utslepp. Fram til 2017 (siste tilgjengelege måledata) har utsleppa minka for alle desse sektorane.

Som vertskommune for Nyhamna prosessanlegg – Gassco er det lite kommunen sjølv kan gjere for å redusere desse utsleppa. Klima- og miljøplanen må konsentrere seg om forvaltingsområde som ligg til kommunen gjennom lov- og avtaleverk og som samfunnsutviklar.

Tidlegare plan peika på følgjande utfordringar:

- Reduksjon av energibruken i kommune
- Energiomlegging
- Reduksjon i klimagassutslepp
- Kommunale verkemiddel i miljøspørsmål
- Klimatilpassingar i kommunen

Reduksjon av energibruken i kommune

Mål: Reduksjon av energibruken i eksisterande bygg med 20% av 2010 – nivå innan 2020.

Dette målet er vanskeleg å kvantifisere, kommunen har ikkje lett tilgjengelege måledata som kan seie noko om energibruken. Det har vorte gjort generelle investeringar i energieffektive byggvedlikehald

(skifte vindauge, etterisolere, installere varmpumper) som har redusert energibruken. Nye bygg og ei storstilt utbygging av gang- og sykkelvegnett med veglys har derimot auka energibruken. Utfasing av gamle bygg vil etter kvart redusere energibehovet. Totalverknaden til no er truleg ein auke i energibruken. Dette blir nærare undersøkt i vidare planprosess.

Mål: Motivere private hushald til reduksjon av elektrisk energi med minst 20% innan 2020, oppmode næringslivet til å sjå på energibruken for å effektivisere denne.

Her kan ikkje kommunen vise til noko konkret resultat.

Energiomlegging

Mål: Etablere eit nærvarmeprosjekt på Falkhytten med hjelp av varme frå sjøen.

Ein varmesentral ved sjøen ville vera avhengig av fjernvarmerør fram til Falkhytten. Varmetap, driftskostnader og etableringskostnader stoppa slike tankar. Derimot har det blitt etablert ein varmesentral sentralt på Falkhytten som hentar varme frå fjellbrønnar til bygg som Gossen barne- og ungdomsskule, Aukra omsorgssenter, kommunehuset, helsesenteret og framtidig kulturhus. Varmesentralen vart sett i drift i 2013, drifta med energi frå straumnettet. I 2017 vart varmpumpe- og fjellbrønnenlegget tatt i bruk. Vidare kapasitetsutviding av varmesentralen er mogeleg. Nyleg utbygd Julsundet skule dekker varmebehovet frå fjellbrønnar og varmpumper. Alle gamle oljefyringsanlegg i kommunale bygg er skifta ut.

Mål: Arbeide for å etablerer eit biogassverk i kommunen, motivere til bruk av bioenergi.

Desse planane er ikkje gjennomførte. Spillvarmen frå Nyhamna prosessanlegg er undersøkt for industriell / energimessig utnytting i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, men ikkje funne lønsamt å utnytte.

Reduksjon i klimagassutslepp

Mål: Halve bilparken i kommunen skal verte klimanøytral innan 2015.

Ein elbil vart kjøpt inn i 2011 til eining for tekniske tenester . Denne svara ikkje til forventa bruk. Fleire bilar vart ikkje kjøpt inn då. Heimetenesta har nyleg tatt i bruk elbilar, tre stykke. Til dette føremålet fungerer bilane bra. Syklar for bruk på korte avstandar i sentrum på Falkhytten vart kjøpte inn. Syklane har vore i bruk, men det er vanskeleg å seie om dette har bidrege særleg til utsleppskutt. Utvikling av stamrute for buss mellom Gossen og Molde og Julsundet og Molde er eit fylkeskommunalt ansvar som først i seinare år har gjeve eit utvida tilbod. Prinsippet om samla areal- og transportplanlegging har blitt følgt opp i kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar. Klimagassutslepp frå landbruket har det ikkje vore arbeidd systematisk med.

Mål: Aukra kommune skal vere ein aktiv aktør for å betre energi, miljø og klimatilhøve i kommunen og regionen.

Her kan ikkje kommunen vise til noko konkret resultat.

Mål: Etablere kommunen som ei Miljøfyrtårnbedrift. Sertifisere alle avdelingar innan 2015.

Kommunen er miljøfyrtårnkommune med høve til å sertifisere. Ingen einingar i kommunen er miljøfyrtårnsertifiserte.

Mål: Motivere innbyggjarane til å bli miljøbevisste.

Her kan ikkje kommunen vise til noko konkret resultat.

Klimatilpassingar i kommunen

Mål: Det må takast omsyn til moglege stigning av havnivå, auka vind og slagregn ved planlegging av nye bygg.

Kommuneplanen sin arealdel har føresegner som set krav til lågaste høgde på bygningselement i høve til havnivå.

5 Revideringsoppgåver og utgreiingstema

Kommunane skal ha klima- og energiplanar¹. Klima- og miljøplanen skal stake ut ein kurs for korleis kommunen skal kunne nærme seg dei nasjonale klima- og miljømåla og berekraftsmåla som Noreg har forplikta seg til.

5.1 Målsetjingar

Målsetjingar for klima- og miljøplanen blir ei vidareføring og utdjuping av samfunnsdelen sitt kapittel om det same emnet. Samfunnsdelen har skissert mål om haldningsskaping, miljøvenleg transport, førebuing på ei usikker klimaframtid, auka gjenvinning av avfall, energibruken i kommunale bygg skal ned og berekraftig naturforvaltning og sikring av biologisk mangfald.

Klima

Hovudmålet for planarbeidet må vere å identifisere utsleppskjelder som kommunen kan gjere noko med og setje eit realistisk tal for reduksjon av klimagassutsleppa.

Miljø

Innafor eit målområde som vi kan kalle “Naturressursar og friluftsliv”, bør denne planen kunne seie noko om sikring av friareal og turveg, vern om naturområde, biologisk mangfald og eit livskraftig landbruk. Temaet er omtala i fleire kapittel i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vidare er det naturleg at planen seier noko om korleis kommunen skal oppfylle det generelle målet i vassforskrifta om at alle vassførekomstar i kommunen skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand innan 2021. Forvaltinga av sjøareala blir eit hovudtema i revisjon av kommuneplanen sin arealdel. For klima- og miljøplanen kan tema rundt forsøpling av kystområda ha ein plass, like eins tema om avfallshandtering, gjenvinning, gjenbruk (sirkulær økonomi).

Anna

- Haldningsskapande arbeid
- Kommunal innkjøpspolitikk

5.2 Planstruktur, oppbygning og oppfølging

Aukra kommune sin klima- og miljøplan er ein kommunedelplan i samsvar med plan- og bygningslova § 11-1, 3. ledd. Kommunedelplanar skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei fire første åra eller lenger. Handlingsdelen skal reviderast årleg, jamfør § 11-2, 3. ledd.

Øvst i planhierarkiet i plan- og bygningslova står kommuneplanen. Denne skal ha ein samfunnsdel

¹ Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene

med handlingsdel og arealdel. Handlingsdelen skal konkretisere kommunen sine mål for planperioden og valperioden, og han skal reviderast årleg. I Aukra kommune blir handlingsdelen revidert saman med årsbudsjettet og økonomiplanen (jamfør kommunelova). Handlingsdelen er innleinga til budsjettdokumentet. I denne blir gjennomføringsstrategiar for samfunnsdelen diskutert og prioritert – og så følgd opp med ressurstildeling.

Klima- og miljøplanen er ein fagplan og kommunedelplan, og han er ei vidareføring og konkretisering av samfunnsdelen sitt kapittel om klima og miljø. Kommunedelplanen sin handlingsdel fell saman med handlingsdelen til kommuneplanen.

5.3 Målemetodar

Det finst eit variert statistikkgrunnlag om forureining, utslepp og miljø. Planen bygger på slike datasett. Planen må gjere greie for statistikkutval, målemetodar og datagrunnlag slik at det er råd å kontrollere konklusjonar og tilrådingar opp mot eit grunnlagsmateriale.

5.4 Tilhøve til andre planar

Klima- og miljøplanen er ikkje knytt til ei eining eller eitt tenesteområde i kommunen. Planen tek utgangspunkt i at heile kommunen må ta ansvar for å ta vare på natur og miljø, og legge til rette for at andre samfunnsaktørar kan gjere det same. I situasjonar der det finst dilemma eller sprikande ambisjonar mellom ulike planer eller målsetjingar, skal klima- og miljøplanen peike på mogelege utviklingsløp og konsekvensane av dei ulike vala. Ved revidering av anna planverk, inkludert kommuneplanen, bør slike utfordringar gjerast tydelege.

5.5 Intern organisering

Arbeidet med klima- og miljøplanen blir leia og koordinert av eining for tekniske tenester. Internt i kommunen er formannskapet styringsgruppe for arbeidet. Styringsgruppa blir jamt halden orientert om utviklinga i prosjektet. Det kan bli aktuelt med ein «politisk verkstad» undervegs for innhenting av informasjon og tilbakemelding til arbeidet. Eining for tekniske tenester etablerer ei arbeidsgruppe som inkluderer aktuelle fagtema i kommunen og hentar inn anna relevant fagkunnskap når dette trengst.

5.6 Samarbeid med andre kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune

Aukra kommune er ikkje kjent med at nabokommunar er i ferd med å reviderer sine klima- og miljøplanar. I den gard arbeidsgruppa ser at konkrete tema er relevante for nabokommunar, vil felles mål, strategiar og handlingsalternativ vil bli diskutert med dei. Spesielt på klimaområdet er felles ambisjonar og innsats viktig.

Regionalt planforum, i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune, er aktuelt som diskusjonspart der aktuelle utfordringar, mål og verkemidlar kan drøftast.

5.7 Medverknad i planarbeidet

Retten til medverknad, både i førebuinga av planarbeidet og når sjølve planen blir laga, er nedfelt i plan- og bygningslova (§ 5-1). Når planprogrammet blir lagt ut til høyring etter at det er behandla i formannskapet, kan innbyggjarane, organisasjonar og andre kome med innspel til innhaldet både i

planprogrammet og i sjølve planen. Konkrete datoar for den offentlege høyringa av planprogrammet vil bli annonsert på kommunen si nettside og i avisene. Høyringsfristen er 6 veker frå kunngjering. Kommunen ønsker å involvere innbyggjarane tidleg i planprosessen. Næringslivet er en viktig aktør som kan bidra med nye innspel. Konkret kan nemnast Aukra næringsforum Romsdal regionråd. Når planprogrammet er vedtatt og sjølve planen skal utarbeidast, blir det lagt opp til fleire måtar å delta på, bl.a. gjennom:

Informasjons- og dialogmøte med publikum, miljøorganisasjonar, næringslivet og andre interesserte.

- Verkstader med grendeutval
- Eigne opplegg for dialog med barn og unge, blant annet via skular / barnehagar og via ungdomsrådet.
- Innspel på internett eller skriftleg pr. brev.

Når forslag til Klima- og miljøplan 2020-2030 etter planen blir lagt ut på offentleg høyring hausten 2020, vil interesserte kunne gi innspel før endeleg politisk behandling.

Uttaler og innspel skal vere skriftlege, enten i form av elektronisk post eller brev.

6 Ny kunnskap, utgreiingar

Det er aktuelt å introdusere ENOVA sine støtteordningar som stimuleringstiltak for etablering av energisparing.

7 Planprosess

Tidspunkt	Hending	Tiltak
November 2019, 04.	Formannskapet, godkjenning av planprogram til høyring.	Annonsering, presentasjon på kommunen si heimeside.
Nov. / des. 2019	Etablering av intern faggruppe	
Januar – mars 2020	Medverknad	Møte med barn og unge, organisasjonar
April 2020	Møte med styringsgruppe, Politisk verkstad	Orientering om medverknad, innspel og arbeidet med endeleg plan
Mai 2020	Skrivearbeid	
Juni 2020	Formannskapet, godkjenning av klima- og miljøplan til offentleg høyring.	Høyringsfrist: 31.08.20
September 2020	Kommunestyret godkjenner klima- og miljøplanen	